



* Dei tilsette i pleie og omsorg set pris på fagdagen, som er eit prøveprosjekt som skal gå kvar 6. veke i to år. Kommunen håper tiltaket skal senke sjukefråveret og auke trivselen.

Meir giv med «Fagdag»

- Fagdag er utelukkande positivt, meiner Lillian Iggesund Berge og Margrethe F. Leine. Personale i pleie- og omsorg tok tysdag fatt på sin tredje fagdag.

Fagdagen har ei sjekkliste der ulike tema skal verte gjennomført. Dei tilsette har fått innføring i iplos-registrering og tiltaksplanar, og oppdatering av desse. LØFT-kurs, brannøving har også vere med i eit fullpakka program for fagdagane.

- Det å få fagleg påfyll og tid til å setje oss ned ein heil dag for å evaluere og planleggje arbeidsdagen vår, er svært kjærkome og viktig for oss, seier Lillian Iggesund Berge.

Ho er sjukepleiar og arbeider i heimesjukepileia i distrikt 1, og legg ikkje skjul på at kvardagane kan vere tøffe.


- Det er lite tid til å gjøre noko ekstra, fagdagen er med på å bøte på det vi ikkje får tid til, seier Margrethe F. Leine.

Prøveprosjekt i to år

Med fagdagen kvar 6. veke får dei tilsette i pleie- og omsorg høve til å auke kompetansa si og setje seg ned og planleggje og evaluere arbeidskvarden. Fagdagen kan samanliknast med planleggingsdagar i barnehage og skule, men kostar meir fordi helsesektoren ikkje har avdelingar som kan holdast stengt. Det krevst ressursar først og fremst til innleide vikarar. Fagdagen er ei prøveordning som skal gå over to år, og ein føresetnad for at han skal verte vidareført er at sjukefråveret går ned. Kommunestyret har sett som målsetting at det etter eit år skal merkast auka trivsel, motivasjon og kompetanseutvikling mellom dei tilsette, i tillegg til 20 prosent meir nærvær.

Sjukefråveret ned?

I eit evalueringsskjema dei tilsette fylte ut under første fagdagen, går det fram at dei aller



feiste trur at meistring speler inn på sjukefråveret, og at dei fleste trur sjukefråveret vil gå

med på å gjøre yrket meir attraktivt. Det gjeld også for å få flere til å auke stillingsbrøken sin.

- Alle sett pris på kompetanseheving og kvalitetsforbetring. I tillegg får dei tilsette høve til å møte kommuneadministrasjonen på fagdagen med jamne mellomrom – noko som er blitt godt motteke, seier Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge. Ho er spent på kva skalmålinga seier når det vert ny evaluering til hausten, men trur fagdagen er positiv på alle måtar.

Lillian Berge og Margrethe Leine påpeikar at fagdagen er viktig å halde fram med sjølv om sjukefråveret ikkje skulle gå ned. Eindel av fråveret skuldast rett og slett belastingsskadar, og slike ting kan ikkje auka trivsel gjere noko med, meiner dei. Om ein skal greie å rekruttere fleire til yrket, er fagdagen

med på å gjøre yrket meir attraktivt. Det gjeld også for å få flere til å auke stillingsbrøken sin.

Evaluering til hausten

Det er tilsette med over 50 prosent stilling som får høve til å delta på fagdag. Desse får vere med å bestemme kva for tema ein skal takast opp. Sist tysdag forklarte Ragnhild Velsvik Berge om det nye dataverktyet Kvalitetslosen, og fagarbeidarane fekk også høre om sjølvvmordsførebrygging. Andre gonger er det utsendingar frå sjukehusa som held foredrag om ulike tema. Slik fagleg oppdressing er viktig om ein skal kunne gjøre ein god jobb i kvardagen.

- Dette aukar den faglige kompetansen til personaliet. Ein lærer også å bruke naudsynt dataverktøy og forbedre prosedyrer. Det er naudsynt

* Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge informerte om det nye verktyet Kvalitetslosen på fagdagen ved Herøy sjukeheim.

informasjon det burde vere plass til i arbeidskvarden, men som vi ikkje har ressursar til på grunn av tidsklemma, seier Lillian Berge og Margrete Leine.

Dei meiner fagdagen også er med på å styrke miljøet og samhallet i ein elles travel kvardag.

Widerøefly får namnet «Ulstein»

I morgen vert det for første gong halde flydåp på flyplassen i Hovdebygda. I samarbeid med flyplassleia har Widerøe flyveselskap lagt opp til ein spesiell seremoni med innbedne gjester. Dåpen skal foregå på flyplassen utanfor terminalen, og det er berre spesielt interesserte som vert tekne gjennom tryggingskontrollen til dåpsseremonien, skriv «Møre».

Flyet som skal døypast er av

same type og storleik som dei flya som har trafikkert her. Og det er ikkje første gong at «dåpsbarnet» er på flytur. Flyet har alt vore i drift, utan namn. Namnet har også vore kjent ei tid. Flyet skal få namnet «Ulstein», og det er vel ikkje utenkleleg at Widerøe-leiinga har tankar om at namnet kan trekke endå meir passasjerar frå verftskommunen på utsida av Eiksundsambandet.